



Referat etter møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 22.11.21

Desse blei kalla inn:

- For lærarane: Iselin Børnes, Charlotte Hjørnevik
- For andre tilsette: Kine Hellesø Baardsen
- For foreldre: Jørgen Kausland, Jannicke Høyland
- For kommunen: Linda Selheim, Line Eide Storesund
- For elevane: Theodor, Eline, Mudasir, Maia, Marta, Julie

Desse meldte forfall: Iselin Børnes, Line Eide Storesund, Theodor, Eline.

Saksliste:

- **Godkjenning av innkalling**
Innkalling blei godkjent.
- **Val av referent**
Linda Selheim blei referent.
- **Informasjon om elevrådsarbeid**
Rektor informerte om elevrådsarbeidet.
Skulen har som målsetjing å ha eit aktivt og levande elevråd. Elevrådsarbeid skal prioriterast og elevane skal leggje merke til elevdemokratiet i praksis. Det kjem til å vere ulike tema på møta framover. Hittil har elevrådet diskutert skulemiljø og elevmedverknad. Framover kjem vi til å ha tema som vennskap på skulen, konflikthandtering og trivsel, for å nemne nokre. Det er viktig at elevane får god tid til å diskutere på årsstega i forkant av eit møte, at saker blir meldt og at referat blir gjennomgått på årsstega etterpå. Rektor kjem til å påsjå at dette blir gjort.
- **Elevane om elevmedverknad**
Elevane gjekk gjennom kva som hadde blitt diskutert på førre elevrådsmøte og kva som var viktig for dei. Her viser vi til referat frå elevrådsmøtet 12.11.21.
- **Elevane om skulemiljøet**
Elevane gjekk gjennom kva som hadde blitt diskutert på førre elevrådsmøte og kva som var viktig for dei. Her viser vi til referat frå elevrådsmøtet 12.11.21.
- **Gjennomgang og revidering av ordensreglementet til skulen**
Vi hadde gode diskusjonar kring reglementet. Det er gjort mindre justeringar. Det reviderte ordensreglementet blir sendt ut til FAU for gjennomsyn. Ein vil ta med evt merknader og kommentarar.

Mvh

Linda Selheim

Rektor Spildepollen skule

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258